



Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Dato: 18.10.2017
Vår ref.: 2015/2036-7
Saksbehandlar: monsera
Dykkar ref.: 14/4718 – 16/4788

Tilbakemelding etter arkeologisk registrering i samband med søknad om oppføring av bustad på gnr 5 bnr 83 og 84 på Fløksand - Meland kommune

Viser til brev datert 10.02.2015 med søknad om oppføring av bustad på gnr. 5, bnr. 83 og 84 på Fløksand i Meland kommune, og seinare korrespondanse i saka.

I brev datert 06.12.2016 varsla Hordaland fylkeskommune ei arkeologisk registrering i det aktuelle området. Den arkeologiske registreringa vart gjennomført 12.-13.10.2017. Det vart ikkje påvist automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi i tiltaksområdet, men det vart registrert ein jordkjellar og to eldre steinmurar. Vi ber om at desse er tatt omsyn til ved opparbeiding av tomtene og at ein søkjer å unngå inngrep i/skade på desse.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.

Hordaland fylkeskommune har ingen vidare merknader i saka når det gjeld omsynet til kulturminneinteresser. Rapport frå registreringa vert ettersendt tiltakshavar.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.